



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	06.05.2014
Tid:	13:30 – 16:25

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Karly Ingunn Teige	MEDL	FRP
Olaug Andreassen	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Marthe Vågsholm Sævik	Karly Ingunn Teige	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V

Andre: Rådmann Erlend Krumsvik

Sekretær Brit Berge

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.

Det møtte 7 faste medlemer og 2 vara, fulltallig.

Camilla Storøy Hermansen kom til møtet kl. 14:00 før handsaming av F-sak 66/14.

Kjell Runde fekk permisjon kl. 15:30 etter handsaming av F-sak 68/14.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:

Per Kristian Furø og Margaret Leinebø.

underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøyr

Per Kristian Furø

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 61/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 62/14	Protokoll frå førre møte
PS 63/14	Delegerte saker
PS 64/14	Referatsaker
PS 65/14	Tomt på Leine. KLage på vedtak.
PS 66/14	Samfunnsutvikling - demografi og bustadutvikling 2014
PS 67/14	Gnr 35 Bnr 22,31,73 og 148 - Forhandling om kjøp av grunn
PS 68/14	Høyring 1 - utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen
PS 69/14	Høyring - Ruteprogram for Widerøe sine anbudsruiter i Norge
PS 70/14	Høyring - Buss- og hurtigbåtruter Garnes-prosjektet
PS 71/14	Budsjettkontroll per 28.02.2014
PS 72/14	Objekt 51362 - Skilting av kommunale vegar. Økonomisk avslutning.
PS 73/14	Budsjettkorrigerering per 31.03.2014
PS 74/14	Prosjektmidlar førebyggjande rusarbeid - ny stillingsheimel
PS 75/14	Kjøp av parkeringsplassar
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 12/14	Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane.
DS 13/14	Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane.
DS 14/14	Standardkontrakt
DS 15/14	Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine
DS 16/14	Kjøp av gnr 26 bnr 231
DS 17/14	Underskreven standardkontrakt
DS 18/14	Kjøp av gards- og bruksnummer 12/319 på Remøy
DS 19/14	Robert Moltu - Kjøp av gnr. 26 bnr. 234 i Herøy kommune
	Referatsaker
RS 27/14	Offentlig høyring - høyringssvar
RS 28/14	Saksframlegg Hareid kommune -

RS 29/14

Reforhandla avtale om legevaktsentral
Selskapsavtale for Søre Sunnmøre
Reinholdsværk IKS gjeldande frå 20. mars
2014

PS 61/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 62/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 63/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 64/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 65/14 TOMT PÅ LEINE. KLAGE PÅ VEDTAK.

Møtebehandling:

AP og Venstre kom med framlegg om slik ny tilråding:

Formannskapet gir fullmakt til ordførar om å gå i forhandlingar med grunneigar for å kome til ei signert avtale der kommunen sel/overdreg ei tomt til grunneigar der alle forhold vert opp og avgjort, inkludert makebyte med tomta nedanfor vegen.

Framlegget frå AP og Venstre vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 06.05.2014

Formannskapet gir fullmakt til ordførar om å gå i forhandlingar med grunneigar for å kome til ei signert avtale der kommunen sel/overdreg ei tomt til grunneigar der alle forhold vert opp og avgjort, inkludert makebyte med tomta nedanfor vegen.

PS 66/14 SAMFUNNSUTVIKLING - DEMOGRAFI OG BUSTADUTVIKLING 2014

Møtebehandling:

Utviklingsleiaren møtte og orienterte.

AP og Venstre kom med framlegg om slik endring av kulepunkt 1 i tilrådinga:
Endring frå 6 månader til 1 år.

KrF Camilla Storøy Hermansen kom med framlegg om slikt tillegg til kulepunkt 1 i tilrådinga:

Tomter som er regulert til konsentrert busetnad kan seljast også til firma frå dag ein.

Rådmannen si tilråding med ovannemnde endringar vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet 06.05.2014

Kommunestyret vil leggje til rette for auka bustadbygging i heile kommunen i tråd med satsingsområde «Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling» som er nedfelt i vedteken samfunnsplan for 2013-2025.

Kommunestyret legg til grunna at følgjande tiltak vert iverksatt for å møte utfordringar knytt til bustadutviklinga i kommunen :

- Salg av tomter
 - 5 års fristen for firma vert fjerna. Ein innfører ein eitt års frist frå tomtene blir lagt ut i nye felt der private har fortrinnsrett. Etter dette vert tomtene frigjort for alle.
Tomter som er regulert til konsentrert busetnad kan selgast også til firma frå dag ein.
- Meir aktiv markedsføring
 - Tomtene i bustadfelta skal merkast med skilt med enkel og informativ tekst der kjøparar kan få meir informasjon.
 - Tomtene skal leggest ut på kommersiell salskanal
- Etablere meir publikumsvennlige kartløysingar
 - Både offentlege og private tomter skal visast i nye publikumsvennlige løysingar (frivillig for private).
- Startlån
 - Rutiner og praktisering av regelverk skal søkjast samordna med nabokommuner.
- Aktiv rolle

- Kommunen skal i områder som vert vurdert som attraktive og som ikkje blir realiserte pga. ulike forhold gå inn og spele ei aktiv rolle for gjennomføring av godkjente reguleringsplanar.
- Organisasjon
 - Internt i organisasjonen skal det gjennomførast strategimøter der fokuset er å legge rammer for den vidare bustadutbygginga i kommunen og implementere dette i budsjett og økonomiplan for å skape forutsigbare rammer for kommunen som heilhet.
- Møteplass

Etablere ein møteplass for bransjen og kommunen med fokus på felles forståelse for kva som må til for å få fart på bustadbygginga i kommunen.

PS 67/14 GNR 35 BNR 22,31,73 OG 148 - FORHANDLING OM KJØP AV GRUNN

Møtebehandling 18.03.2014:

Saka vert utsett.

Fleirtalet av Formannskapet ynskjer meir opplysningar i saka.

Møtebehandling:

Utviklingsleiaren møtte og orienterte.

AP og Venstre kom med framlegg om slik endra tilråding:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere alternative deponiplassar for lagring av forurensa masse frå indre hamn og deretter fremje saka for formannskapet og kommunestyret.

Framlegget frå AP og Venstre vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet 06.05.2014:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere alternative deponiplassar for lagring av forurensa masse frå indre hamn og deretter fremje saka for formannskapet og kommunestyret.

PS 68/14 HØYRING 1 - UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I EIKSUNDREGIONEN

Møtebehandling:

AP og Venstre kom med slikt framlegg om tillegg i tilrådinga:

2. Formannskapet bed om forlenga svarfrist til 23.05.2014.

3. Under føresetnad av at ein får forlenga svartfristen vert saka endeleg å behandle i Kommunestyret 22.05.2014

Rådmannen si tilråding med endringar vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.05.2014

1. Ordføraren får på grunnlag av drøftingane i formannskapet 06.05.14 fullmakt til å utarbeide ein uttale i samråd med rektor ved HVS, Herøy Næringsforum, Shippingklubben og representantar frå rådmannen si leiargruppe.
2. Formannskapet bed om forlenga svarfrist til 23.05.2014.
3. Under føresetnad av at ein får forlenga svarfristen vert saka endeleg å behandle i kommunestyret 22.05.2014.

PS 69/14 HØYRING - RUTEPROGRAM FOR WIDERØE SINE ANBODSRUTER I NORGE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.05.2014

Formannskapet sluttar seg til uttalen frå Utviklingsforum Hovden Lufthamn om Widerøe sitt ruteprogram datert 20.04.14.

PS 70/14 HØYRING - BUSS- OG HURTIGBÅTRUTER GARNES-PROSJEKTET

Møtebehandling:

2 innspel frå brukarar vart delt ut i møte. Formannskapet tok desse med som tillegg til tilrådinga:

Buss som går frå Volda 14:45 går kl. 15:10 i staden.

Ein bussavgang frå Hareid til Fosnavåg mellom kl. 13:20 og 14:50.

Ein bussavgang som korresponderar med båt ankomst Hareid kl. 18:00

Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.05.2014

Herøy kommune ber om at fylkeskommunen justerer avgangane som følgjer:

- Frå og til Voldnes slik at ventetida blir korta ned.
- Buss som går frå Volda 14:45 går kl. 15:10 i staden.
- Ein bussavgang frå Hareid til Fosnavåg mellom kl. 13:20 og 14:50.

- Ein bussavgang som korresponderar med båt ankomst Hareid kl. 18:00

PS 71/14 BUDSJETTKONTROLL PER 28.02.2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 06.05.2014

Budsjettkontrollen per 28.02.2014 vert teken til vitande.

PS 72/14 OBJEKT 51362 - SKILTING AV KOMMUNALE VEGAR. ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet 06.05.2014

1. Økonomisk avslutning av objekt 51362 – Skilting av kommunale vegar- vert godkjent.
2. Mindreforbruk, kr. 2.728,-

PS 73/14 BUDSJETTKORRIGERING PER 31.03.2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet 06.05.2014

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 19050 (aksjeutbytte tussa), ansvar 9011, funksjon 870 ned kr 1.000.000,-
Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013, funksjon 840 ned kr 2.200.000,-
Konto 11500-11703 (kurs/reiser), ansvar 9017, funksjon 120 ned 1.000.000,-

Konto 10900 (arb.gj.avg), ansvar 9017, funksjon 383 opp kr 600.000,-
Konto 19400 (bruk av disp fond), ansvar 9017, funksjon 880 opp kr 3.000.000,-
Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3331 (Nestunet), funksjon 254 opp kr 200.000,-
Konto 18100 (statstilskott), ansvar 3851 (flyktning), funksjon 850 opp kr 50.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3241, funksjon 253 opp kr 50.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3242, funksjon 253 opp kr 50.000,-

Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3243, funksjon 253 opp kr 45.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3244, funksjon 253 opp kr 25.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3251, funksjon 253 opp kr 35.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3254, funksjon 253 opp kr 45.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1231 (servietorget) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1251 (økonomiavd) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1261 (pers-/org avd) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 5011 (utvikl.avd), funksjon 120 ned kr 25.000,-

PS 74/14 PROSJEKTMIDLAR FØREBYGGANDE RUSARBEID - NY STILLINGSHEIMEL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.05.2014

1. Herøy kommune opprettar ein ny stillingsheimel som miljøterapeut. Stillinga er organisert under NAV Herøy, Seksjon for oppfølging
2. Stillinga finansierast i sin heilskap av midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet si tildeling av prosjektmidlar i 2014, kr. 550 000.
3. Stillinga forlengast ved vidare tildeling i 2015 og 2016, men ikkje utover 3 år. Etter prosjektperioden på 3 år skal stillinga vurderast å gjerast fast.

PS 75/14 KJØP AV PARKERINGSPLASSAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 06.05.2014

Kommunestyret vedtar at Herøy kommune kjøper seksjon 4, parkeringsdekke U1, av Fosnavåg Parkering AS for kr. 28.830.000,-.

Kjøpet blir finansiert ved 20.500.000 i RDA-midlar, og 8.330.000,- ved lånefinansiering.

Kommunestyret ber samstundes rådmannen om å gjennomføre taktiske skattemessige disposisjonar med mål om å redusere den totale kostnaden gjennom å oppnå MVA-kompensasjon.

MØTET SLUTT!

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 12/14 Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00 Inger-Marie Krogstad

DS 13/14 Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00 Arvid Kvalsund

DS 14/14 Standardkontrakt 07.04.2014 00:00:00 Ida Karoline Sævik og Daniel Kopperstad

DS 15/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine 09.04.2014 00:00:00 Beate Sævik Leikanger og Jonny Sævik Leikanger

DS 16/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231 09.04.2014 00:00:00 Natalie Gjerde Tosrvik og Truls Are Torvik

DS 17/14 Underskreven standardkontrakt 09.04.2014 00:00:00 Silje Slotsvik og Andre Voldsund

DS 18/14 Kjøp av gards- og bruksnummer 12/319 på Remøy 16.04.2014 00:00:00 Bård og Isabell Remøy

DS 19/14 Robert Moltu - Kjøp av gnr. 26 bnr. 234 i Herøy kommune 22.04.2014 00:00:00 Robert Moltu

REFERATSAKER

**RS 27/14 Offentlig høring - hørings svar Offentlig høring - hørings svar 23.04.2014
00:00:00 Julie Almestad Sævik**

**RS 28/14 Saksframlegg Hareid kommune - Reforhandla avtale om legevaktsentral
Saksframlegg Hareid kommune - Reforhandla avtale om legevaktsentral
14.02.2014 00:00:00 Hareid kommune**

**RS 29/14 Selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gjeldande frå 20.
mars 2014 Selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gjeldande frå
20. mars 2014 15.04.2014 00:00:00 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk**